



Saksframlegg

Søknad om tilskot frå næringsfondet - Hansen Motor & Service

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Søknad om tilskot frå næringsfondet - Hansen motor & service
- 2 Budsjett MM16.pdf

Bakgrunn for saka:

Hansen Motor og Service (org. nr. 994 724 991) er ei verksemd som etter starten i 2019 har bygd seg opp på Molandsmoen industriområde. Verksemda er drift av bilverkstad, kjøp og sal av køyretøy, restaurering av eldre køyretøy. Hansen Motor & Service har også avtale med forsikringsselskap om kjøp av køyretøy som treng restaurering før vidareasal.

Verkstaden er godkjent av Statens vegvesen med godkjenningar for bil, motorsykkel/moped og traktor. I tillegg er Hansen Motor & Service servicepunkt for Orkel og Deutz traktorar, og har ein egen service bil som er innreda med verktøy og utstyr for landbruksreparasjonar.

For tida har verksemda 2 fast tilsette men leiger i tillegg inn mannskap etter behov.

No søker Hansen Motor & Service om investeringstilskot til oppgradering av bygget sitt. Det er ei to-delt investering der den fyrste delen gjeld oppgradering av eit ikkje isolert lager til eit utstillingslokale / showrom for sal av køyretøy. Vidare har Hansen Motor & Service eit lokale på 130 m2 som dei ynskjer å leige ut, men må då gjere nokre oppgraderingar som isolering, utbetring av el-anlegg og installere ny straummålar. Dette lokalet ynskjer verksemda å leige ut til eksisterande eller nye verksemder i Fyresdal.

På sikt ser Hansen Motor og Service for seg fleire tilsette i verksemda. Arbeidet er allereie påbegynt i lokala.

Investeringsbudsjettet ser slik ut;

Budsjett	Eks mva	mva	Ink mva
Snekker	144 000	36 000	180 000
Blåseisolering	72 000	18 000	90 000
Materialer	128 000	32 000	160 000

Elektrikar	112 000	28 000	140 000
Rørleggar	40 000	10 000	50 000
Eigen innsats	40 000	10 000	50 000
Diverse materiell	24 000	6 000	30 000
Sum	560 000	140 000	700 000

Oppgraderinga er tenkt finansiert slik;

Finansieringsplan	
Eigenkapital	400 000
Eigeninnsats	100 000
Tilskot	200 000
Sum	700 000

Hansen Motor og Service fekk i 2023 150 000 kroner i investeringstilskot frå Næringsfondet til diverse investeringa i drifta si, sak 2022/1474.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Strategi for næring og arbeidsliv.

Verksemda har sidan oppstart vist at dei bygger stein for stein og driv på ein god måte. Oppgradering av utstillingsrom styrkar eksisterande drift og gjer dei betre rusta i framtida.

Hansen Motor og Service held til på Molandsmoen og har attraktiv plassering med tanke på å ta del i verdiskapinga som kan skje rundt eventuell datasenteretablering. Slik sett er det eit godt tiltak å legge til rette for utleige av lokale.

I søknaden ligg det ved eit investeringsbudsjett som inkluderer mva, men sidan verksemda er mva registrert er dette trekt av i den vidare vurderinga. Investeringa gjeld ikkje lett omsettelege varer. Investeringa, eks mva, er på 560 000 kroner, og ser ein til tidlegare praksis bør ein legge seg på ca 20% i støtte frå næringsfondet. Støtte vil då utgjere 112 000 kroner.

Konklusjon:

Søknaden er i samsvar med måla for næringsarbeidet i Fyresdal kommune og gjeldande reglar for næringsfondet.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune løyver 112 000 kroner frå næringsfondet til Hansen Motor og Service til investeringar i forbindelse med oppgradering av bygg. Det er pr 25.11.2025 822 000 kroner på Næringsfondet.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Gerd Straume
	næringssjef